

# UTSKRIFT AV MØTEBOKA

for BYGNINGSRÅDET I RADØY KOMMUNE

i møte den 09.02.94.

**SAK 2/94** HARALD MELLINGEN, 5120 MANGER.

SØKNAD OM GODKJENNING AV PLAN FOR UMLEIGEHYTTER PÅ GNR. 24, BNR. 13 AV BØ.

Bygningsrådet hadde denne saka føre i møte den 17.11.93, sak 104/93.

Bygningsrådet gjorde då slikt vedtak:

"Bygningsrådet ser positivt på den førelagde plan for utleigehytter på egedomen gnr. 24, bnr. 13, 38 og 74.

I arealdelen for kommuneplan for Radøy, er det aktuelle område arealdisponert til LNF.

Bygningsrådet sender saka over til planutvalet til uttale før rådet tek endeleg stilling til dei førelagde planar."

Planutvalet har hatt saka føre i møte 4.12.93, sak 7/93 og gjort slikt vedtak:

"Planutvalet rår til at det vert gjeve løyve til plassering av utleigehytter på gnr. 24, bnr. 13, slik det er søkt om."

## TEKNISK SJEF SIN UTTALE:

Eg viser til min uttale i sak 104/93.

Planutvalet har i sak 7/93 rådd til at det vert gjeve løyve til plassering av utleigehytter i samsvar med søknaden.

Bygningsrådet må då gjeva dispensasjon frå arealdisponeringsplanen til kommuneplanen, då området der søknaden gjeld er disponert til LNF - Nei-område.

Teknisk sjef vil vidare presisere at det grunna den svært belastaste resipient ikkje bør gjevast utsleppsløyve for kloakk utan at denne vert førd gjennom reinseanlegg.

Vidare må det vera ein føresetnad at den omsøkte avkøyrsløse vert utbetra/omarbeidd i samsvar med dei krav som vert stilt i samband med søknad/løyve til utvida bruk.

## VEDTAK:

1. Då den omsøkte hytteplan er å sjå på som del av næringsdrifta på gardsbruket, finn bygningsrådet at det her er særleg grunn for å gjeva dispesasjon frå byggeforbodet i området. Dispensasjonen vert gjeven med heimel i plan- og bygningslova § 7.
2. Bygningsrådet finn etter nøye vurdering å stille krav til at kloakken frå utleigehyttene vert førd gjennom godkjent minireinseanlegg før avlaupsvatnet vert sleppt ut i Austrevågen. Minireinseanlegget må vera av ein type som har kapasitet nok for å kunne taka imot kloakken frå dei 6 utleigehyttene.



Bygningsrådet krev seg førelagd søknad om godkjenning av det minireinseanlegget som er planlagd installert.

3. Avkøyrslø frå kommuneveg/tilkomstvegen til utleigehyttene må vera utforma og utbygd etter dei krav teknisk sjef stiller til plassering og utforming av avkøyrslø.
4. Bygningsrådet godkjenner at utleigehyttene får tilknytning til kommunalt vassverk på følgjande vilkår:
  - a. Det må betalast tilknytningsavgifter/årsavgifter etter gjeldande satser.
  - b. Tilknytningsleidning og leidningar fram og mellom hyttene må leggjast og utførast etter dei gjeldande reglar og normer for vassleidningar.  
Det må monterast vassmålar på leidningen og denne må få ei slik plassering av den er lett tilgjengeleg for avlesing/kontroll.
5. Under føresetnad av at pkt. 2, 3 og 4 vert oppfylgde, godkjenner bygningsrådet oppføring av dei 6 stk. byggemelde utleigehyttene.  
Den endelege plasseringa og høgdefastsetjinga må godkjennast av teknisk kontor.
6. Før byggearbeidet vert sett igang, må det oppnemnast ansvarshavande for arbeidet og denne skal vera godkjent av bygningsrådet/teknisk sjef.

Manger 10.februar 1994.

*Tove Sylta*  
Tove Sylta  
e.f.

Går til Harald Mellingen, 5120 Manger.